



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/161-

29. januar 2020

Svar på skriftleg spørsmål nr. 723 frå stortingsrepresentant Geir Pollestad til samferdselsminister Jon Georg Dale

Spørsmål:

"Kva var gjeldande takstar for personbil og vogntog på ferjesambanda på riksvegnettet i 2013 og 2020? "

Svar:

Takst for personbil og vogntog 2013 og 2020

Oversyn over takstar for personbil og vogntog for 2013 og 2020 på riksvegferjesamband ligg vedlagt.

Oversynet tek i samsvar med bestillinga utgangspunkt i desse takstgruppene:

- B2 (Bil <6 m) og B9 (Bil 17,01 m - 19,0 m) for kontraksperioder med Riksregulativ for ferjetakstar.
- AP1 (Bil < 6 m) og AP7 (Bil 17,51 - 19,5 m) for kontraksperiodar med AutoPASS-regulativet for ferjetakstar.

2013-tala er både presentert i nominelle kroner og korrigert i samsvar med prisutviklinga, basert på konsumprisindeksen for 2013-2019 på 15,5 % og takstauken frå 2019 til 2020 på 3,2 % då vi ikkje har konsumprisindeksen for dette året.

Spesifikasjon av bompåslag

I tillegg ligg spesifikasjon av bompåslag for ferjesambanda Arsvågen – Mortavika og Halhjem – Sandvikvåg for 2013 og 2020 vedlagt.

Årlege prisjusteringar for perioden

I dei årlege statsbudsjetta vert det fastsett gjennomsnitlege takstjusteringar for regulativa i riksvegferjedrifta. Dei årlege vedtekne prisjusteringane og endringane i mva etter 2013 har vore slik:

År	Endring i takst	Mva-sats
2014	3,5 %	8 %
2015	4,1 %	8 %
2016	2,9 %	10 %
2017	7,8 %	10 %
2018	2,4 %	12 %
2019	2,7 %	12%
2020	3,2 %	12%

Ved samanlikning av prisjusterte verdiar for 2013 mot verdiar for 2020 er det viktig også å ha med seg at det for mange av ferjesambanda er endring frå Riksregulativ for ferjetakstar til AutoPASS-regulativ for ferjetakstar som har auka prisnivå for å kompensere for verdien av bortfall av personbetaling.

Med helsing

Knut Arild Hareide

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskreven signatur.

Vedlegg

Kopi
Statens vegvesen